


2016

Årsmelding Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane



Ometyst's Jet (Aiko) til Tone Stien
var einaste frå avdelinga med bestått
jaktanleggsprøve i 2016.
Foto: Inger Handegård



Avdelinga i tal - Rapport til NSK:

Medlemmer:	48 (45+2+1)	-4 frå 2015	Diverse:
Møter:	Tal arrangem.:	Tal medlemmer (andre)med:	
Styremøter:	3	3	Har fortløpande kontakt på FB som vert teke inn i møtereferat
Komitémøte (planlegging):	2	3	Før prøvar
Medlemstreff/møte:	5	18 medlemmer + 2 andre	Februar: Lærdal – søk/apport og spor April: Sogndal – lydigheit og rally Mai: Luster – blodspor og bruksspor Juni: Årdal – lydigheit og rallylydigheit August x 2: Luster-jakttrening
Årsmøte:	1	10 medlemmer + 2 andre	Fagleg tema var jakt og ettersøk
Arrangement:	Tal arrangem.:	Tal startar/ Medlemmer i avd.	
Utstilling:	1	4+10+17 = 31 11 frå avdelinga	Arrangør: Førde BHK
Jaktprøve:	0		
Apportprøve:	1	3 starta, 3 frå avd.	1 x ord
Jaktanlegg:	1	5 starta, 2 frå avd.	1 x ord
Ferskspor - bevegeleg:	1	0 påmeldt	Bevegeleg prøve
Blodspor:	4	Luster: 7 – 5 spaniels, 3 frå avd. Eid: 14 - 6 spaniels, 5 frå avd. Årdal: 11 -6 spaniels, 6 frå avd. Bevegeleg: 2 – 1 spaniel frå avd	Bevegeleg prøve + 3 x ordinær
Rallylydigheit	2	Årdal 1: 42 totalt – 10 spaniel Årdal 2: 31 totalt -10 spaniel Alle spaniels er frå avd.	
Valpeshow:	1	6 – to frå avdelinga	Arrangør: Førde BHK
Kurs:	1	8 – alle frå avdelinga	Vår – grunnkurs spaniel
Kontakt med medlemmene:			
Utsendt medlemsinfo		Jan: Årsmøtepapir sendt i posten Jan: Medlemsnytt Sept: Medlemsnytt	
Våre Spaniels		1 side i kvart nummer	
Heimeside		Prøver å oppdatere jevnleg	
Facebook		Hyppige oppdateringar. Har 222 «likes» ved utgangen av året mot 173 i fjor	
Økonomi:	På konto 31/12:	Årsresultat:	Kommentar:
	Kr 52.454.-	+ 12.719.-	Overskot grunna tilskot frå NSK sentralt for samlingar i 2015 og overskot rallystevne.

Andre nøkkelopplysningar/tal:

Dommarar:	Tal:	
Ettersøk (blod/fersk)	5	Arvid Solheim, Årdal, Torstein Solset, Førde, Inger Handegård, Luster, Elin Anita Gjerde, Leikanger, Hilde Rotihaug, Nordfjordeid
Jakt/JAL	1	Inger Handegård
Appellmerkeprøve LP	3	Inger Handegård, Linn Didriksen Solsvik og Laila Røneid
Instruktørar:		
	3	Inger Handegård (NKK trinn 2 jakt, rallylydigheit) Laila Irene Røneid og Linn Didriksen Solsvik (NKK trinn 1)
Oppdrettarar med kennelnamn:		
	4	Desperado (ess), Fjordgløtt (ess), Zelfa (ess), Miramora (am cock)

Årsmelding for Norsk Spaniel Klub avdeling Sogn og Fjordane

Styret har for 2016 sett slik ut:

Leiar: Laila Røneid, Årdal	Vald 2016 for 2 år
Nestleiar: Elin Anita Gjerde, Leikanger	Vald 2015 for 2 år
Styremedlem: Inger Handegård, Luster	Vald 2016 for 2 år Er også leiar BK og BK-kontakt
1. vara/ Hilde Rotihaug, Eid	Vald 2016 for 1 år
Kasserer: Per Ståle Vågane, Flora	Vald 2016 for 1 år Er også jaktkontakt
RS-utsendingar:	Laila Røneid
Revisor: Torstein Solset, Førde	Vald 2016 for 1 år

Valnemnd:

Tonje Tollefsen, Førde (attval), Linn Didriksen Solsvik (attval), Renate Skophamar (ny 2016)

Internettansvarleg: Inger Handegård

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen.

Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg.

Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene.

Kasserer er ikkje på val med mindre eksisterande kasserer ynskjer avløyning

RS-16 Laila reiste og representerte avdelinga.



Velkommen til årsmøte
søndag 21.02.16 kl. 12.00
på rådhuset i Gaupne.

Fagtema i år: Jakthund og ettersøk.
Sporhund og feltsøk. Kva bør ein
tenkje på når ein skal trene hunden.


Alle medlemmer får skriftleg innkalling til møtet.
Frist for innsending av saker er 15. januar.

Årsmøte i Gaupne 21. februar

Det møtte 10 medlemmer + to gjester. Ekstra kjekt var det med medlemmer frå heile fylket! Som vanleg var årsmøtet fort unnagjort. Dei frammøtte hadde også med seg ein liten ting til utlodding. Per Ståle Vågane vann hovudpremien som er eit gåvekort på kr. 350.- som kan nyttast på aktivitet i avdelinga i løpet av 2016. Ein spesiell takk til Inger som hadde kokt tacosuppe og Laila som hadde baka kake og bollar. INGEN reiste svoltne heim! Inger Handegård gjekk av etter 20 år som leiar av klubben pluss 11 år før det som distriktskontakt og vart takka for dette med ei fin og nyttig gåve. STOR takk også til det nye styret som har sagt ja til å ta på seg verv og takk til alle som var med til å laga så fin stemning! Det vart delt ut ei helsing til årets hund og årets debutant.

Fagtema på årsmøtet var jakt og ettersøk. Det viste seg at ALLE dei frammøtte driv med praktisk ettersøk av hjortevilt eller har planar om å drive med dette og fleirtalet driv også med småviltjakt og/eller er interessert i å starte på jaktanleggsprøve, apportprøve eller jaktprøve. Inger hadde laga quiz/gruppearbeid der det var spørsmål som gjeld prøvar og trening av jakthund/ettersøkshund. Og me hadde presisjonskasting med dummie © Etterpå vart spørsmåla gått gjennom og diskutert. Det er planlagt treningar når snøen går som bygger på dei problemstillingane/ynskja som kom fram på møtet.

Totalt antall likerklipp frem til i dag: 222



Informasjon til medlemmene via heimeside, facebookside, e-post og brev

Me prøver å oppdatere heimesida regelmessig. Facebooksida (sjå utvikling over) vert brukt hyppig til ting med kortare varigheit og påminningar, treningstips og anna informasjon. I januar sendte me årsmøtepapir ut til alle medlemmene i posten, då me ikkje hadde annonsert årsmøtet i Våre Spaniels. I Januar vart det også sendt ut medlemsnytt på e-post. I September vart det sendt ut nytt Medlemsnytt på e-post. Det er nokre få medlemmer som ikkje har registrert/registrert feil E-post adresse på Min side hjå www.nkk.no. Alle medlemsskriv vert også lagt ut på klubben si heimeside. Alle nye medlemmer skal få ein velkomst e-post med litt praktisk informasjon og lenker, ikkje så alt for lenge etter at dei melder seg inn.

Økonomi:

Året gav eit overskot grunna tilskot frå NSK sentralt på aktivitetar me hadde i 2015. Sjå rekneskap.

Høyringar:

Det er sendt inn svar på høyring i januar som gjeld NSK sin utstillingspolitikk og i desember som gjeld eliteblodspor (til NKK via NSK's brukshundkomite).



Treningar i Sogn

Det har vore stor oppslutnad og interesse for treningane som har vore i Sogn, nærare bestemt i Luster, Årdal, Lærdal og Sogndal. Det har ikkje lukkast oss å få til treningar andre stader i fylket. Det har vorte trent på blodspor, bruksspor, søk/kast apport dummie, bruksfelt, lydigheit, rally og oppstilling. 18 medlemmer har vore innom treningane (= ca. 40% av medlemsmassen). Det har vorte søkt om og fått tilskot frå Studieforbundet natur og miljø for desse treningane.

Spaniels på utstillinga i Førde/Sande i oktober



Førdeutstillinga 9 oktober 2016

	Antall	Oppmøte
Amerikansk Cocker Spaniel - Valp	1	10.00
Cocker Spaniel - Valp	3	10.00
Engelsk Springer Spaniel - Valp	2	10.00
Amerikansk Cocker Spaniel	4	10.00
Cocker Spaniel	10	10.00
Engelsk Springer Spaniel	19	11.00

Totalt 39 spaniels!

Arrangør som vanleg Førde brukshundklubb. Nytt av året var at utstillinga var flytta til oktober grunna ofte kollisjon med dobbeltutstilling i Møre og Romsdal. Det var påmeldt 31 vaksne (4 amerikanere, 10 cockere og 17 engelske springere) og 6 kvelpar (1 amerikaner, 3 cockere, 2 engelsk springer). 17 springere må vera ny rekord, og springer var den nest mest tallrike rasen på utstillinga. Av dei 37 hundane var 13 busett i fylket. Dette er vel også ny rekord? Vaksne vart dømt av Per Nymark, kvelpar av Irene Donne. Spanielane sette merke etter seg då det vart BIG-3 kvelp, BIG og BIS-3, BIS avl og BIS-oppdrett. I tillegg gjekk 2 springere lydigheit i klasse 2 laurdagen.





Jaktanleggsprøve – ordinær – 4. september

Dommar for JAL var Monica Gustavsson Holthe. Fem hundar meldte seg på JAL og to av desse var frå vår avdeling. Tre av dei startande var springere, to var cockere. Ein av hundane strauk dessverre på søket, to symde ut til anda, men ville ikkje ta den med inn at. Berre to av hundane bestod både tilgjengelegheit, søksarbeid og vatn og fekk godkjent prøven.

Apportprøve – ordinær – 4. september

Ei knapp veke før prøven fekk Monica Gustavsson Holthe autorisasjon som apportprøvedommar, så då vart ho også sett opp som dommar på denne prøven. Tre hundar var påmeldt, alle i BK, alle var frå vår avdeling og alle dei startande var springere. Ein hund tok ikkje anda langt nok opp på land, ein hund valde å ikkje bli våt, men ein hund gjorde eit flott arbeid og vart godkjent.

Bevegelege blodspor og fersksporprøvar

Interessa for å gå bevegelege blodsporprøvar i regi av avdelinga har vore liten. Berre 2 hundar starta på blodspor, av dei ein springere. Det vart delt ut 1 x 1. premie, ingen HP og 1 x 0. På fersksporprøve i regi av avdelinga var det ingen påmeldt. Dømt har Arvid Solheim.



Blodsporprøve i Luster 9. juni - kveldsprøve

9 hundar starta og det vart delt ut 2 x 1. premie, 2 x 2. premie, 1 x 3. premie og 2 x 0. Fem av dei startande hundane var spaniels; fire springere og ein cocker. Spora var gamle, det var tørt i området og vind og mykje vilt. Dømte gjorde Inger Handegård og Elin Anita Gjerde. Avdelinga fekk ein ny champion på prøven!



Blodsporprøve på Nordfjordeid 12. juni

Blodsporprøven på Nordfjordeid 12. juni hadde 14 startande hundar - av desse 7 spaniels - 5 springere og 2 welsh. Dømte gjorde Elin Anita Gjerde, Birger Hogrenning og Odd Hellevik. Det vart delt ut 5 x 1. premie, 1 x HP, 2 x 2. premie, 2 x 3. premie og 5 x 0.




Blodsporprøve i Årdal 25. juni

Blodsporprøve nr. 3 i avdelinga si regi. Denne gongen på Seimsåsen i Årdal. Dømte gjorde Elin Anita Gjerde og Ivar Jonny Søndrol. 11 hundar starta, av dei 6 spaniels. Forholda var til dels krevjande då det etter ein lang tørkeperiode kom rikeleg med regn då spora vart lagt og det var bra med sau og vilt i området.

Dette viste att på premielista med 3 x 1. premie, 5 x 2. premie og 3 x 0. Alle deltakarane vart servert spekeemat - takk til lokale bedrifter i Årdal som sponsa oss!

Totalt har 15 medlemmer med 18 hundar starta på blodsporprøvar i regi av avdelinga i år! Avdelinga har, etter det me kjenner til, fått 6 nye godkjende ettersøksekvipasjar i år. Foto under.





NM blodspor 2016

Ingen hundar frå avdelinga starta i år.

NM rallydygheit 2016

Ingen hundar frå avdelinga starta i år.

Velkommen til regionmesterskap i rallydygheit 2016

Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane sitt stevne i Årdal 17. september 2016 vert også NKK nordvestlandet sitt regionmesterskap i rallydygheit 2016. Beste ekipasje i kvar klasse busett i Sogn og Fjordane eller Møre og Romsdal vert kåra til regionmester og får den flotte NKK-rosetten!

Me ynskjer alle velkommen til stevnet vårt som er eit dobbeltstevne med Lajla Lyseggen som dommar!

Two spaniel dogs, one black and white and one brown and white, are sitting on a grassy field. They are both wearing large, colorful ribbons (red, white, and blue) around their necks. The ribbons have text on them, including "Regionmesterskap NKK Nordvestlandet 2016".

Dobbelt rallystevne i Årdal 17 og 18 september

Me flytta arrangementet fram ein månad i forhold til fjoråret i håp om å få fleire påmelde, men me fekk mindre påmeldte enn med venta sjølv om laurdagens prøve også var regionmesterskap for NKK nordvest.

Av dei 42 påmeldte laurdag og 32 påmeldte søndag var det 9 spaniels; alle springere og alle busett i avdelinga! Desse hundane gjekk i klasse 1, 2, 3 og elite.

7 av dei startande spanielane fikk alle minst ein x 1. premie, noko som er ein flott bragd då det er lett å diske i rally. Ein fekk ny rallytittel og tre spaniels kunne reise heim med cert kvar. Dommar Lajla Lyseggen syntes me hadde eit høgt nivå på både deltakarar og på sjølve stevnet. Me fekk også berre lovord frå dei som starta. Me takkar alle som gav oss flotte premiar til dette stevnet. Me tør påstå at dette må vera det stevnet med best premieringar som me har sett...

Beste spaniel rallystevnet 2016

*lørdag: Inger med Xmilla
1. premie elite klasse*

*søndag: Laila med Ariel
1. premie eliteklasse*



Regionmesterskap i rally, lydighet, agility og blodspor i regi av NKK Nordvestlandet

Regionmesterskapet i LP og AG var i samband med NKK-Ålesund. Tre hundar frå avdelinga starta lydighet i klasse 1 og 2. Regionmesterskap i blodspor vart arrangert av Sunnmøre Hundeklubb på Strandafjellet. Ingen frå avdelinga var med her som styret veit om. På regionmesterskapet i rally som gjekk i Årdal var det med 9 spaniels frå avdelinga. Regionmesterskap er eit flott tiltak som me håpar vil halda fram.

Avdelinga fekk ein regionmestrarar:

Lydighet klasse 1: **NVCH RL2 RL3 BH Zelfa's Ariel** til Laila Røneid. Foto – sjå under.

NSK avd. Sogn og Fjordane er framleis leiari for NSK's brukshundkomite

Inger Handegård er leiari i brukshundkomiteen, medan Ellen Getz Wold (Oslo/Akershus) og Wenche Randi Krogstad (Sør-Trøndelag) er medlemmer. BK har hatt eit par saker i løpet av 2016.

Nye spanielkvelpar i Sogn og Fjordane – potensielle nye medlemmer til avdelinga

Det er, etter det styret kjenner til, ikkje fødd spanielkull i fylket i 2016. I fylgje NKK sin registreringsstatistikk for 2016 vart det registrert heile 18 (18 i 2015, 8 i 2014) nye spaniels/spanieleiere i Sogn og Fjordane i 2016. 4 amerikanere (Askvoll, Flora, Førde, Lørdal). 9 cockere (Sogndal, Stryn, Flora 4, Førde 2, Luster), 5 engelske springere (Flora, førde, høyanger 2, Vik).

Me håpar å møte desse på samlingane våre og at dei melder seg inn i klubben vår.



Nye champions i avdelinga i 2016:

Rallylydigheit: **NRLCH NVCH NUCH BH Desperados Aya** til Inger Handegård

Viltspor: **NVCH RL2 RL3 BH Zelfas Ariel** til Laila Røneid
NSVCH RL1 Fjordgløtt's Bonnie til Elin Anita Gjerde

Spaniels i avdelinga som har fått nye mellomtitlar og andre titlar i 2016

Nye titlar 2016 er merka med raudt

RL1 Zelfa's Batman til Laila Røneid

NVCH RL2 RL3 BH Zelfa's Ariel til Laila Røneid

NVCH RL1 RL2 RL3 BH Desperados Finnwin til Inger Handegård

NSVCH BH RL2 RL3 Desperados Zelda til Laila Røneid

RL1 RL2 Fjordgløtts Belezza til Sissel Ytre Eide

Årets mestvinnande i fylket 2016:

Det er medlemmene som har ansvar for å sende inn eigne resultat. Styret plukkar ut vinnar av årets debutant og junior frå bl.a. heimesida og FB-sida til klubben, frå medlemsmøte, samlingar og kurs. Det var ingen aktuelle kandidatar til årets junior i år, så den går ut. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på offisielle arrangement og som også har vore aktive på klubben sine arrangement.

Årets debutant(ar) i alfabetisk rekkefølge:

Styret synes at avdelinga har hatt så mange flinke «nye» medlemmer (debutantar) som har vist så stort engasjement i avdelinga og oppnådd så flotte premieringar, at me vel å dele ut fem debutantprisar i år! Presentert i alfabetisk rekkefølge:

Desperados Golddigger til Hermund Farnes

1. premie blodsporprøve, deltatt på vår prøve, excellent på «vår» utstilling

Desperados Golden Gun til Renate Skophamar/Morten Norheim

2. premie ordinær blodsporprøve, godkjent ettersøkshund, deltatt på to av våre prøvar og lagt spor, 2 x 1. premie rallylydigheit klasse 1, CK på «vår» utstilling, deltatt på fleire av våre treningar.

Joyfull Life Aspiring Aladdin til Frode Skeide

3 x 1. premie blodspor + 2. premie, ein av 1. premiane på ordinær prøve der han også vart prøvevinnar, godkjent ettersøkshund (8 poeng), deltatt på vår prøve.

Lykkehunden Ballint til Aksel Myklebust

1. premie og 3. premie ordinær blodsporprøve, godkjent ettersøkshund, deltatt på og lagt spor til vår prøve.

Ometyst's Jet til Tone Stien

godkjent jaktanleggsprøve med 49 poeng på vår prøve, deltatt på to av våre treningar.

Debutantprisen og prisen til årets hund, er frå og med i år ein gåvesjekk på kr. 200 som kan nyttast til aktivitet i avdelinga i 2017; dvs. start på prøvar, kurs, samlingar med deltakaravgift arrangert av NSK S og Fj i 2017

Årets hund:

NUCH NVCH NRLCH BH Desperados Aya til Inger Handegård.

6 x cert rallylydigheit og første trippelchampion i rasen i Norge, 3 x 3. premie i LP 2, 1. premie ordinær blodsporprøve og nr. 2 på prøven, 10 poeng på fersksporprøve og godkjent ettersøkshund, CK på utstilling, HP og BIS-avlsklasse.

Alle vinnarane får ei helsing på årsmøtet, presentasjon på heimesida og i spalta vår i Våre Spaniels. Konkurransen om årets hund var knallhard også i år! 11 av hundane på mestvinnande brukhundlistene på landsbasis er tilhøyrande avdeling Sogn og Fjordane og tre hundar er på pallen! (Aya og Xmillia til Inger er nr. 2 i rally – slått på poeng oppnådd, Dina til Linn er nr. 3 på årets lydigheitsspaniel.)

Årets junior: ingen aktuelle



Ny ettersøksdommar:
Hilde Rotihaug

Hilde kjem frå Nordfjordeid. Ho fekk sin første hund i 1996, eigentleg var dette hunden til foreldra, men Hilde gjekk kurs med denne labradoren, Truls, og dei oppnådde å komme til klasse 3 i lydigheit, dei konkurrerte agility, var på utstilling, han vart C- godkjent lavinehund og trente spor. Han, han vart 12 år. Så fekk Hilde Texas i 2002, ein sjokoladebrun

labrador som vart godkjent ettersøkshund og B-godkjent lavinehund. Han fekk spondylose og sleit med ryggen og vart berre 10 år. No har Hilde to engelske springer spaniels som begge er godkjente ettersøks-hundar og som flittig vert nytta til ettersøk og konkurransar. Eldstemann Birk på 7 år er viltspor-champion og yngstemann Charlie på snart 2 år har 1. premie på ordinær blodsporprøve og vert nok viltspor-champion han også, berre han er gammal nok til det. Hilde er også aktiv når det gjeld å arrangere blodsporprøvar på Eid og ho sit som vara i avdelingsstyret. Med 17 års erfaring som hjortejegar og erfaring som sporleggar og arrangør, er me trygge på å ha fått nok eit dyktig tilskot til dommarstanden vår i avdelinga!



Nye NKK trinn 1 instruktører

Laila Røneid, Årdal og Linn Didriksen Solsvik, Lærdal, klarde begge eksamen i desember og dei har også oppfylt krava med eigen hund. Me ser no fram til fleire kurs i avdelinga i 2017!



Dette er me gode til i avdelinga vår:

- Få til variert aktivitet
- Arrangere offisielle arrangement som blodspor, jaktanleggsprøve og rallylydigheit
- Dugnadsånd!
- Ha god stemning på arrangementa våre
- Hjelpa kvarandre og skubba kvarandre oppover
- Finna løysingar på praktiske problem
- Oppnå resultat
- Ha god økonomistyring